



Det har førebels ikkje kome nokon erstattar etterat sokneprest Kristian Due slutta og flytta til Romsdalen. Det var ein søkjar, men han tok imot stilling i Nordfjord prosti. Stilinga vil verta lyst ut att og det er von om at ny prest kjem på plass på nyåret, opplysar sokneprest Jan Ove Totland.

Fram til då er det ymse vikarar, til dømes har Pål Dale den tradisjonelle friluftsgudstenesta på Skorpo som vert avvikla søndag 21. juli. Konfirmantundervisninga er det fleire som deler på.

På biletet over ser ein Kristian Due og organist Reidar Algerøy under gudstenesta i løa på Skorpo i 2011. Den blir sjeldan avvikla utomhus.

Foto: Ola Matti Mathisen